

**Utval:** **Ungdommens fylkesutval**

**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3.etg., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen

**Dato:** 19.06.2014

**Tidspunkt:** 16:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Gard Johanson	Nestleiar	
Cecilie Engen Fredheim	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	
Benedicte Hellestveit	Medlem	
Lars Helle Fauske	Medlem	
Hedda Emilie Hidle	Medlem	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer

**Merknader**

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling

**Sakliste**

<b>Utvale-saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 45/14	Godkjenning av innkalling		
PS 46/14	Godkjenning av sakliste		
PS 47/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 48/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 29/14	Oversikt økonomi - per 120614	2014/560	
RS 30/14	Framdrift Ungdommens planprogram - per 120614	2014/560	
RS 31/14	Oversikt ungdomsråd - per 120614	2014/560	
RS 32/14	Ungdommens fylkesutval ber om eit møte med fylkesordførar	2014/560	
RS 33/14	Rutine for sekretariatsfunksjon for RMNF, FYEL og UFU/UFT	2014/12384	
RS 34/14	Voksne for barn - Foreldrekompetanser	2014/560	
PS 49/14	Regional plan for attraktive senter	2014/560	
PS 50/14	Førespurnad frå Sentralt ungdomsråd i Oslo om Ungdommens storting	2014/560	
PS 51/14	Distribusjon av elevrådshandbok til vidaregåande skular	2014/560	
PS 52/14	Arbeidsform hausten 2014	2014/560	
PS 53/14	Observatør på Ungdommens fylkesting i annen kommune	2014/560	
PS 54/14	Nettverkssamling 2014 - program og innleiarar	2014/560	
PS 55/14	Ungdatakonferansen 2014 - deltaking	2014/560	
PS 56/14	Ymse		

## **PS 45/14 Godkjenning av innkalling**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente innkallinga.

## **PS 46/14 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente sakslista.

## **PS 47/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente møteprotokoll frå 31.05.14.

## **PS 48/14 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

### **Vedtak**

*RS 32/14 Ungdommens fylkesutval ber om eit møte med fylkesordførar:* Fylkesordførar har føreslått eit møte 18. august kl 12, som er første skuledag. Ungdommens fylkesutval vedtok å føreslå eit møte veka før eller etter 18. august.

Ungdommens fylkesutval tok dei andre referatsakane til orientering.

**RS 29/14 Oversikt økonomi - per 120614**

**RS 30/14 Framdrift Ungdommens planprogram - per 120614**

**RS 31/14 Oversikt ungdomsråd - per 120614**

**RS 32/14 Ungdommens fylkesutval ber om eit møte med fylkesordførar**

**RS 33/14 Rutine for sekretariatsfunksjon for RMNF, FYEL og UFU/UFT**

**RS 34/14 Voksne for barn - Foreldrekompetanser**

**PS 49/14 Regional plan for attraktive senter**

**Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å gje arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein uttale til regional plan for attraktive senter basert på innspela i møtet.

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

**Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å gje arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein uttale til regional plan for attraktive senter basert på innspela i møtet. Utkastet vert sendt ut til alle medlemmar for kommentarar.

**PS 50/14 Førespurnad frå Sentralt ungdomsråd i Oslo om Ungdommens storting**

**Forslag til avgjerd**

1. Ungdommens fylkesting vedtek å støtte eit vidare arbeid med Ungdommens storting.
2. Ungdommens fylkesting vedtek å delta i ein arbeidsgruppe/referansegruppe.
3. Ungdommens fylkesting vedtek å stille seg bak uttala med slike endringar:
  - Eit nasjonalt medverknadsorgan skal basere seg på kommunale- og fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom. Dei tre ulike nivåa skal henge saman og byggje på kvarandre.
  - Ei eventuell endring av aldersgrenser

Alle representantar i det nasjonale medverknadsorganet forpliktar seg til å arbeide med oppfølging av sakene gjennom heile året. I tillegg til dette skal organet velje ei arbeidsutval som har eit særskilt ansvar for oppfølging, samt andre oppgåver som deltaking i planlegging og gjennomføring av arrangementet.

4. Ungdommens fylkesutval vedtek å kome med slike innspel til prosessen:

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

**Vedtak**

1. Ungdommens fylkesting vedtek å støtte eit vidare arbeid med Ungdommens storting.
2. Ungdommens fylkesting vedtek å delta i ein arbeidsgruppe/referansegruppe.
3. Ungdommens fylkesting vedtek å stille seg bak uttala med slike endringar:
  - Eit nasjonalt medverknadsorgan skal basere seg på kommunale- og fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom. Dei tre ulike nivåa skal henge saman og byggje på kvarandre.
  - Ei endring av aldersgrenser til: «Frå det året ein fyllar 13 år til og med det året ein fyllar 21 år.»
  - Alle representantar i det nasjonale medverknadsorganet forpliktar seg til å arbeide med oppfølging av sakene gjennom heile året. I tillegg til dette skal organet velje ei arbeidsutval som har eit særskilt ansvar for oppfølging,

samt andre oppgåver som deltaking i planlegging og gjennomføring av arrangementet. Utvalet føresett at arbeidsutvalet vert vald på bakgrunn av geografisk spreiing.

Ungdommens fylkesutval gir Cecilie Fredheim fullmakt til å skrive eit svar til Sentralt ungdomsråd i Oslo på bakgrunn av vedtaka gjort i saka.

## **PS 51/14 Distribusjon av elevrådshandbok til vidaregåande skular**

### **Forslag til avgjerd**

1. Ungdommens fylkesutval vel å byte ut omgrepet administrasjon med omgrepet skuleleiing, samt fjerne FAU frå den endelige versjonen av elevrådshandboka.
2. Ungdommens fylkesutval vedtek å delta på konferansen arrangert av opplæringsavdelinga i slutet av september.
3. Ungdommens fylkesutval vedtek å distribuere elevrådshandboka på den same konferansen.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

#### **Vedtak**

1. Ungdommens fylkesutval vel å byte ut omgrepet administrasjon med omgrepet skuleleiing, samt fjerne FAU frå den endelige versjonen av elevrådshandboka.
2. Ungdommens fylkesutval vedtek å delta på konferansen arrangert av opplæringsavdelinga i slutet av september. Utvalet meiner det er naturleg at Gard Johanson stillar som ein representant frå utvalet på bakgrunn av det arbeidet han har gjort i samband med elevrådshandboka.
3. Ungdommens fylkesutval vedtek å distribuere elevrådshandboka på den same konferansen.

## **PS 52/14 Arbeidsform hausten 2014**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

Den einaste som er stadfesta at ikkje kan delta i Ungdommens fylkesutval til neste år er Emma Franck-Ginnell.

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek at det er grunnlag for å oppretthalde eit godt arbeid med dei medlemene som er vald inn.

## **PS 53/14 Observatør på Ungdommens fylkesting i annen kommune**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å delta på Ungdommens fylkesting i Sør-Trøndelag 31. oktober-2. november med leiar og nestleiar som observatørar.

## **PS 54/14 Nettverkssamling 2014 - program og innleiarar**

### **Forslag til avgjerd**

1. Ungdommens fylkesutval vedtek å invitere følgjande personar som innleiarar på Nettverkssamlinga 2014:
2. Ungdommens fylkesutval vedtek å bruke følgjande program for Nettverkssamlinga 2014:

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vel å utsette saka til helgemøtet 29.-31. august. Fram til da får leiar og nestleiar fullmakt til å kontakte aktuelle innleiarar, og ber om å få innspeil frå medlemene.

Ungdommens fylkesutval vedtok å be fylkesordførar om å opne nettverkssamlinga.

## **PS 55/14 Ungdatakonferansen 2014 - deltaking**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende følgjande medlemmar til Ungdata 2014:

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtok å stille med representantar frå Opplæring og helse og Kultur og ressurs til Ungdata 2014 12. november, det vil seie Vegard Kleppe og Hedda Hidle.

## **PS 56/14 Ymse**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014**

#### **Vedtak**

Møte med desisjonskomiteen: Agnes Hoshovd Bernes møtte med desisjonskomiteen 3. juni. Desisjonskomiteen var veldig nøgd med arbeidet utvalet hadde lagt ned så langt. Dei hadde eit ønskje å vere med i diskusjonen rundt gjennomføring av det formelle på Ungdommens fylkesting og det vart diskutert eit møte god tid i forkant av Ungdommens fylkesting.

Det vart ønskja alle ein god sommar, og møtet vart avslutta med ein middag på Jacob Aalls.